

Orientering framdrift og status på arbeidet med innkreving av utestående refusjonar Nav knytt til fråvær 27.04.26

Utestående krav Nav

	Pr. 05.2025	Pr.1.10.2025	Pr. 1.4.2026
Oppvekst	9 047 894	7 087 048	7 725 974
Helse og omsorg	2 852 284	1 836 795	4 207 921
Rådmann /Rådmannes stab	171 091	499 253	306 650
Kultur og fritid	66 061	32 020	81 331
Teknisk	641 820	678 346	859 278
Total	12 779 150	10 133 462	13 181 154

Krava er fordelte slik pr år:

	Pr. 1.10.2025	Pr. 1.4.2026
2016-2020	1 097 316	992 947
2021	1 244 809	1 119 044
2022	1 278 809	830 138
2023	1 194 728	563 380
2024	1 639 037	590 116
2025	3 679 476	4 760 367
2026		4 325 162
Total		13 181 154

Justerte sjukepengekrav

I arbeidet med gamle utstående refusjonar frå Nav er det avskrive refusjonar slik:

2016-2020: 66 389

2021: 124 882

2022: 135 554

2023: 705 796

2024: 4 449 516

2025: 305 054

Det var redusert kapasitet på HR sommar/haust 2024 som førte til manglande kontrollarbeid når sjukepengekrav vart danna. Det vil ikkje seia det same som at ein har fått for lite refusjon frå Nav, men at krava som var førte var for høge.

Døme på årsak til justeringar:

- For høge eller låge sjukepengekrav vert danna og manglande
- Feil i sjukepengesøknader (ofte knytt til ferie)

- Danna krav etter tilsette er slutta, held fram å senda sjukepengesøknader
- Ikkje sendt refusjonskrav i arbeidsgjevarperiode (reduisert kapasitet HR sommar/haust 2024, overgang til Visma)
- Avslag på sjukepengesøknad Nav

Utestående krav purra Nav

Til no er det purra Nav på 2,02 millionar, av dette er det til no kome inn om lag 1,47 millionar. Krava det er purra på er i hovudsak for 2024 og 2023, men nokre er frå 2022 og 2025.

Framdriftsplan

Arbeidet med utestående refusjonar frå Nav knytt til fråvær, har halde fram sidan førre orientering pr. 1.10.2025. Framdriftsplan er forskyvd. Årsaka til forskyving skuldast mellom anna omlegging av rutine knytt til fråvær/refusjon og intern opplæring kring dette, sjukefråvær og anna lønsarbeid som har måtte gjerast og at sjølve arbeidet med utestående gamle refusjonar er meir tidkrevjande enn det som var teke høgde for.

Ny justert framdriftsplan:

Plan pr mai 2025	Gjennomført / justert framdriftsplan pr oktober 2025	Gjennomført / justert framdriftsplan pr april 2026	Refusjonsperiode
Mai	Mai		1. halvår 2024, ansvar 3000:6999
Juni	Mai		2. halvår 2024, ansvar 2000:2999
August	September, oktober		2. halvår 2024, ansvar 3000:6999
September	Oktober, november	Oktober – mars	2023
		April, mai	2022 + rest 2023 og 2024 2025
		Juni	Før 2022 + rest 2023 og 2024
		September	Resterande før 2025

Ny rutine

HR har frå 1.2.2026 teke tilbake arbeidet med inntektsmeldingar og føring av refusjonar. I den samanheng har ein lagt om rutinen slik at fleire deler på oppgåvene kring refusjonar for å sikra kontinuerleg purring / oppfølging av utestående refusjonar på alle ansvar.

Frå 1. februar er desse tiltaka sett i verk

- Alle tilsette på HR-løn har ansvar for innhenting og kontroll av fråvær og handtering av refusjonar.
- Ansvarsområda er fordelte mellom medarbeidarane for å sikre effektiv ressursutnytting og god arbeidsflyt.

- Det ligg òg eit felles ansvar for oppfølging av samla uteståande refusjonar, der medarbeidarane samarbeider for å sikra nokolunde lik framdrift og redusere avvik i status.
- Det vert gjennomført systematisk, vekentleg innhenting og kontroll av eigenmeldt fråvær, digitale sjukemeldingar og tilhøyrande søknader.
- Kvar medarbeidar set av tid til arbeidet med uteståande refusjonar ved slutten av kvar månad.
- Når me er kome i rute med purringar, vil ein purra på krav som er over 6 månader gamle. Nyare krav er ikkje nødvendigvis sakshandsama av Nav.